

# Evaluering Vossadansprosjektet i barnehagane hausten 2014

## Barnehage

<p><b>Organisering av tilbodet.</b> Informasjon i førekant. Rekkefølge: barnegruppa/ personale, byte om?</p>	<p>Kunne kanskje vore informert om dette på leiarmøte i forkant, slik at me visste litt gangen i prosjektet og ikkje minst målet.</p> <p>Personalgruppa først og så barnegruppa er kanskje best, for da er personalet meir «med» både i tankar og gjerning. <i>(Tvildemoen)</i></p> <p>Bra. Rekkefølge ok.</p> <p>Godt med informasjon i forkant. God leiing frå kommunen. Fint at ein vaksen fekk starte med borna, gav inspirasjon og eigarkjensle for den eine tilsette. Positivt! <i>(Vethe)</i></p> <p>Mogleg det hadde vore betre å ha innføring med personalet fyrst, før med borna. <i>(Gjernes)</i></p>
<p><b>Gjennomføring.</b> Munnleg innleiing, bakgrunn og mål. Praktisk gjennomføring.</p>	<p>All gjennomføringa var veldig bra. Astrid hadde eit veldig godt engasjement som var motiverande. I ettertid har personalet på «impuls» dradd i gang dans ute. <i>(Tvildemoen)</i></p> <p>Begynte rett på dans, kjempelurt. Sa namnet sitt, nok info til borna. Lurt å syngja om og om att til alle er med. Lurt at me hadde nok vaksne.</p> <p>Kjekt med praktisk gjennomgang.</p> <p>Brukte litt lang tid på den munnlege innleiinga, med tanke på at me hadde så kort tid til rådighet for sjølve gjennomføringa. Sjølv om det var viktige og inspirerande ord som kom! Praktiske gjennomføringa var flott. <i>(Vethe)</i></p> <p>Veldig bra! <i>(Gjernes)</i></p>
<p><b>Bruksverdi og innhald.</b> Dei utvalde songleikane. Variasjon. Nytteverdi av prosjektet.</p>	<p>Songane var kjende og derfor lett å gripa til i ettertid. Det er bra, for da verkar ikkje prosjektet så «umogleg» heller. <i>(Tvildemoen)</i></p> <p>Alle slike praktiske aktivitetar er flott! Heilt greitt utval, noko lett og noko litt vanskelegare. Kunne vore over fleire gonger.</p> <p>Kjekke songar. Godt å få tips om korleis (forenkla det) med dei aller minste.</p> <p>God nytteverdi! Eit flott initiativ. Bra at det vart kopla opp mot Zero. Fin variasjon, og lette, men samtidig godt song – og dansemateriale. <i>(Ve.)</i></p> <p>Svært god nytteverdi. Og eit fint innspel til oss som arbeider med å få meir variasjon i uteleiken. <i>(Gjernes)</i></p>

<p><b>Barnegruppa.</b> Gjennomføring +/- Tips/ kommentarar.</p>	<p>Bra å byrja med dei største. Dei minste kjem «etter» og får opplæring etter kvart. <i>(Tvildemoen)</i></p> <p>Veldig kjekt. Erfaren, reflektert dama, eit fyrverkeri og veldig engasjert og engasjerande. Lurt å gå rett på song og dans.</p> <p>Fint gjennomført. Passelig med tid, og godt repertoar. <i>(Vethe)</i></p> <p>Songane fengar! <i>(Gjernes)</i></p>
<p><b>Vaksengruppa.</b> Gjennomføring +/- Lære nytt/ friske opp det ein kan? Tips/kommentarar.</p>	<p>Bra å gå igjennom med dei vaksne og gjera dei merksame på si rolle som modellar. Kan tenkja oss ein bolck til våren, for å friska opp att og få ny inspirasjon. <i>(Tvildemoen)</i></p> <p>Brutal, men oppvekkande innleiing – veldig fin! Kjekt stoff, men med nye bevegelsar.</p> <p>Litt nytt og litt oppfrisking. Kjekt med litt nye versjonar av «gamle songar» t.d. Tante Monica.</p> <p>God gjennomføring. Flott om me får ei oppfrisking «ei gong i blant», kanskje på felles leiarmøte og nettverk for ped.leiarar? Så må ped.leiar bringe vidare til fagarb. Og assistentar i eigen bhg? <i>(Vethe)</i></p> <p>Personalet er engasjerte! <i>(Gjernes)</i></p>
<p><b>Vidareføring</b> I kvar bhg.- korleis? Behov for oppfrisking, ev. korleis og kor tid? (samle fleire bhg?) Utvide innhaldet? Tips/kommentarar.</p>	<p>Sjå over. Tusen takk for innsatsen! Bra satsing og SÅ ENKELT DA!!! <i>(Tv.m.)</i></p> <p>Første steg er å byrja! Me vil innføra fast songleik på kvar utedag (minst). Kan ev. få tilførsel på nokon nye songar om ei stund.</p> <p>Kunne møtast saman ev. fleire barnehagar. Gløymer melodi. Kunne hatt det på opptak på mobil for å vorte kjende med melodien.</p> <p>Det krev ressursar å drive og samle våre tilsette på kurs/møter på kveldstid fleire gonger, utanom avdelingsmøter. Ressursar barnehagen vår ikkje har per dags dato. Å leggje oppfriskingskurs til våre avdelingsmøter er heller ikkje heldig, då denne tida er sårt tiltrengt eigen planlegging i bhg. Då er det heller betre om Astrid kjem til kvar bhg og held oppfriskingskurs med både barn og vaksne i lag på dagtid. ☺ <i>(Vethe)</i></p> <p>Me syng songane i samlingstundene, har dei som ein del av songrepertoaret vårt. Har byrja med nokon, og utvidar systematisk etter kvart. Me ynskjer oss CD med songane/melodiane. Nokon er ukjende for nokon. <i>(Gjernes)</i>.</p>

*Rogne:* Me syns at Vossadansprosjektet har vore veldig kjekt prosjekt med flink og inspirerande foredragshaldar/lærar.

## Tilbakemelding «Vossadans» v/ Astri Sudmann 25.08.14.

### Lundhaugen barnehage

#### Grashoppa

- Kjekt å få friske opp og lære nye songleikar
- Dette vil me ta med i uteleik, i gymsalen, til samling og som rollespel ( tante Monica)
- Må gå i gang med ei gong, medan det enno sit friskt i minne.
- Engasjert instruktør, flink å lære frå seg, kjekt.
- Enkle bevegelsar å lære
- Positivt at me kan nokre av songane frå før
- Positivt at me kan få tilsendt songar med bevegelsar, kan hjelpe kvarandre å lære
- Enkelt å bruke i kvardagen, krev ingen hjelpemiddel

#### Maurtua:

- Kjekt og spennande
- Bruka i gymsalen
- Venter på songtekstane med rørsle
- Kjekt å sjå korleis Astri fekk borna med seg
- Tips for korleis me kunne få borna med –såg det i praksis saman med borna
- Kjekt at det var både med barnegruppa og personalmøte
- Styrkjer uteleiken –alle har fått eit verktøy

#### Marihøna:

- Det var kjekt og inspirerande
- Hadde hjelpt å få hefte og lydfiler
- Setja opp forslag på huset kva songleikar me skal øva på i løpet av veka
- Få ei ny økt til våren

#### Bjørkeli:

- Ho gjer ting spennande og brukar av seg sjølv
- Vert inspirert av måten ho viser og seier ting på
- Kjente og kjekke songar, enkle dansar
- Nokon kjente og ukjente songar, har ikkje vore med på alle dansane før
- Må haldast vedlike!
- Vil bruka det i arbeidet i barnehagen

# Evaluering Vossadansprosjektet hausten 2014

## Skule, 3.årssteg

<b>Organisering av tilbodet.</b> Informasjon i førekant. Rekkefølge: elevgruppa/ personale, byte om?	Me kunne fått litt meir informasjon i førekant, kanskje oversikt over innhald i kurset? For utbytte vårt hadde det vert best med opplæring av personalet same veka som kurset for elevane. (Kløve)  Me fekk ingen informasjon, så tilbodet kom som ei overrasking som me tok på sparket. (Skulestad)
<b>Gjennomføring.</b> Munnleg innleiing, bakgrunn og mål. Praktisk gjennomføring.	Flott formidlingsevne. Supert! (Vangen)  Kjekk stund og fin praktisk gjennomføring. Kanskje ei lita innleiing om mål og meining? (Kløve)  Flott gjennomføring – kunne gjerne fått fleire gongar, slik at det vart meir enn ei «happening» (Skulestad)
<b>Bruksverdi og innhald.</b> Val av songleikar. Variasjon. Nytteverdi av prosjektet.	Gode, tradisjonelle songleikar som var fine å få repetert. God variasjon. (Vangen)  Me er godt nøgde med val av songleikar. Det var mange nok. For at det skal ha stor nytteverdi må lærarane læra/repetere songleikane tett opp til gjennomføringa i elevgruppa. (Kløve)  Songar med rørsler som var morosame og lette å læra, både for borna og dei vaksne som var med. Fine til seinare bruk i musikk, norsk og kroppsøvingstimar. (Skulestad)
<b>Elevgruppa.</b> Gjennomføring +/- Tips/ kommentarar.	Elevane var aktive. Likte opplegget godt. (Vangen)  Fin gjennomføringa. Her hjå oss vart og 1.klasse invitert med, det var midt i blinken for dei.(Kløve)  Borna hadde det kjekt og viste stor glede ved leikane.(Skulestad)
<b>Vaksengruppa.</b> Gjennomføring +/- Lære nytt/ friske opp det ein kan? Tips/kommentarar.	Har kun hatt gjennomføring saman med elevar.(Vangen)  Me har ikkje hatt opplæring i vaksengruppa enno. Det er no fleire veker sidan gjennomføringa i elevgruppa.(Kløve)  Ei fin påminning om det ein ein gong kunne...(Skulestad)
<b>Vidareføring</b> I kvar skule, korleis? Behov for oppfrisking, ev. korleis og kor tid? Samla for fleire skular? Utvide innhaldet? Tips/kommentarar.	Me ønskjer songtekstar med gjennomføring og melodi til. (Kløve)